



# Vågsøy kommune

## Møteprotokoll

### Oppvekst- og kulturutvalg

**Møtested:** Formannskapssalen, 3. etg.

**Møtedato:** 01.03.2016

**Tidspunkt:** 08:30 - 12:00

**Til behandling:** Saksliste nr. 008/16 - 011/16

#### Medlemmer:

SP - Olav Horn (Leder)  
AP - Terese Gjerde (Nestleder)  
FRP - Ronny Mobakken (Medlem)  
H - Linda Vika (Medlem)  
KRF - Dag Almenning (Medlem)

#### Varamedlemmer:

TVLV - Even Halsør (Varamedlem)  
V - Bjørn Kristian Eikrem (Varamedlem)

#### Fra administrasjonen møtte:

Kommunalsjef Ove Aksnes  
Rådmann Knut Ove Leite

#### Forfall:

TVLV - Malene Lunde Sætren (Medlem)  
V - Daniel Gangeskar (Medlem)

Av 7 medlemmer møtte: 5. Totalt frammøtte: 7

Måløy 01.03.2016

Olav Horn  
Utvalseiar

Dagny-Ann Gangeskar  
konsulent

## Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
008/16	Godkjenning av møteprotokoll	
009/16	Orienteringssaker - 01.03.2016	
010/16	Byggenemnd for prosjekt i skole og barnehage	
011/16	Holvik barnehage - utbygging i underetasjen	

Kl 09.15 – 10.00. Politikaropplæring ved rådmann Knut Ove Leite



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	01.03.2016	008/16

<b>Endelig vedtak i:</b> Oppvekst- og kulturutvalet	<b>Arkivsaknr.:</b> 16/284	<b>Saksansvarlig:</b> Dagny-Ann Gangeskar
--	-------------------------------	--

## Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

### 01.03.2016 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Ingen merknad.

#### Votering

Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-008/16

#### Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møtebok frå forrige møte er sendt ut tidlegare og ligg under «Mine referater» i politikarportalen.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	01.03.2016	009/16

<b>Endelig vedtak i:</b> Oppvekst- og kulturutvalet	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/1433	<b>Saksansvarlig:</b> Dagny-Ann Gangeskar
--	--------------------------------	--

## Orienteringssaker - 01.03.2016

Leiaren informerer:

### 01.03.2016 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Leiar tok opp spørsmål om tilkomst til Firda Canning sine bygg ved etablering av Opplæringscenteret. Utvalet ber om at rådmann ser på trafikale forhold rundt Firda Canning og trygg skuleveg frå Skram skole til Opplæringscenteret.

Oppvekst- og kulturutvalet ber om tilbakemelding om dette på eit seinare tidspunkt.

#### Votering

Ingen votering.

OK-009/16

#### Vedtak:

Ingen vedtak.

#### Skriv inn drøftinger her

Tekst



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	01.03.2016	010/16

Endeleg vedtak i: Oppvekst- og kulturutvalet	Arkivsaknr.: 16/265	Saksansvarleg: Knut Ove Leite
---	------------------------	----------------------------------

## Byggenemnd for prosjekt i skole og barnehage

### Rådmannen si innstilling

1. Det blir oppretta ei prosjektavhengig byggenemnd med utspring i oppvekst- og kulturutvalet for utbyggingsprosjekt for skule og barnehagar. Nemnda får rådgjevande karakter.
2. Nemnda får slik samansetning:  
2 medlemmar frå OK:  
Tenesteleiar for aktuelt utbyggingsprosjekt  
1 tilsett frå tenesteområdet  
Kommunalsjef
3. Eigedomsavdelinga stiller sekretær for nemnda.

### 01.03.2016 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

KRF-v/Dag Almenning foreslår leiar Olav Horn.  
H-v/Linda Vika foreslår Ronny Mobakken.

#### Votering

Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

Leir for utvalet Olav Horn og Ronny Mobakken vert utvalet sine representantar i byggenemnda.

OK-010/16

#### Vedtak:

1. Det blir oppretta ei prosjektavhengig byggenemnd med utspring i oppvekst- og kulturutvalet for utbyggingsprosjekt for skule og barnehagar. Nemnda får rådgjevande karakter.
2. Nemnda får slik samansetning:  
2 medlemmar frå OK:  
Tenesteleiar for aktuelt utbyggingsprosjekt  
1 tilsett frå tenesteområdet  
Kommunalsjef
3. Eigedomsavdelinga stiller sekretær for nemnda.

Representantane frå OK-utvalet vert Olav Horn og Ronny Mobakken.

## **Aktuelle lover, forskrifter og plandokument**

Økonomireglementet. Innkjøpsreglementet.

## **Bakgrunn for saka**

## **Saksopplysningar / fakta**

I siste møte i OK tok representanten Dag Almenning opp spørsmålet om en egen byggenemndt ifor skole- og barnehager.

Sitat frå føteboka:

Byggenemd:

Sak om etablering av ei kommunal byggenemd ble behandlet i Kommunestyremøtet 28.01.2016, saken ble utsatt til en eventuell ny storkommune er på plass.

Repr. Dag Almenning mente en burde opprette ei prosjektavhengig byggenemd ved utbygging av prosjekt innen skole og barnehage.

Oppvekst- og kulturutvalget sluttet seg til dette.

Kommunestyret utsette i møte 28. januar å opprette i felles byggenemnd for kommunen. Vedtaket er å forstå slik at saka ikkje kjem opp att med det første.

## **Vurdering / konsekvensar**

Ettersom kommunestyret har sagt nei til å opprette ei eiga byggenemnda, må dette bli å sjå på som ei nemnd av rådgjevande karakter.

Rådmannen ser føre seg at prosjekta må ha eit vist omfang før det er naturleg å kople inn nemnda. I framlegget til ei generell nemnd var framlegget at prosjekta skulle vere over 5 mill kr.

Nemnda bør bli orientert om dei aktuelle prosjekta ettersom dei kjem opp og sjølv vurdere engasjementet i samråd med rådmannen, men i utgangspunktet er ny ungdomsskule det prosjektet som er mest aktuelt no.



<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnummer</b>
Oppvekst- og kulturutvalg	02.02.2016	005/16
Formannskap	11.02.2016	023/16
Oppvekst- og kulturutvalg	01.03.2016	011/16
Kommunestyre	03.03.2016	016/16

<b>Endeleg vedtak i:</b> Kommunestyret	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/449	<b>Saksansvarleg:</b> Frode Weltzien
---	-------------------------------	---

## Holvik barnehage - utbygging i underetasjen

### Rådmannen si innstilling

1. Det blir å bygge ei avdeling i Holvik med 18 plasser. Kostnadsramme 5 mill kr. Inkl skissert vedlikehald på skulen. Ramma på investeringsprosjekt 0000 Ny barnehage i Holvik vert auka frå 3.350.000 til 5.000.000 finansiert gjennom unytta lånemidlar.
2. Basert på ønsket om å legge til rette for overgang barnehage skule, vert avdelinga for store born.

### 02.02.2016 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Tjenesteleder eiendom, Frode Weltzien og tjenesteleder Holvik barnehage, Line Hodnefjell orienterte.

Leder Olav Horn informerte om at opptaksreglementet bør vurderes revidert.

AP v/Terese Gjerde fremmet følgende endringsforslag til rådmannens innstilling:

«Det blir å bygge 2 avdelinger ved Holvik barnehage; 1 avdeling for små barn og 1 avdeling for store barn for en kostnad på kr. 9,7 mill. inkludert nødvendig vedlikehold av Holvik skule.»

KrF v/repr. Dag Almenning fremmet følgende forslag til nytt pkt. 2:

«Det vert å ta stilling til seinare om denne utbygginga skal vere for både små og store born.»

### Votering

Det ble først votert over endringsforslag fra AP v/repr. Gjerde. Forslaget falt med 4 stemmer.

Det ble så votert over rådmannens innstilling pkt. 1. Denne ble vedtatt mot 3 stemmer.

Det ble til slutt votert alternativt over rådmannens innstilling pkt. 2 og KrF v/repr. Almennings forslag til nytt pkt. 2. Forslag til nytt pkt. 2 fra KrF ble enstemmig vedtatt.

OK-005/16

### **Oppvekst- og kulturutvalgets innstilling til vedtak:**

1. Det blir å bygge ei avdeling i Holvik med 18 plasser. Kostnadsramme 5 mill kr. Inkl skissert vedlikehold på skulen. Ramma på investeringsprosjekt 0000 Ny barnehage i Holvik vert auka frå 3.350.000 til 5.000.000 finansiert gjennom unytta lånemidlar.
2. Det vert å ta stilling til seinare om denne utbygginga skal vere for både små og store born.

## **11.02.2016 Formannskap**

### **Møtebehandling:**

Rådmann Leite orienterte.

SP v/Nils Myklebust fremmet følgende tilleggspkt. 3 til Oppvekst- og kulturutvalgets innstilling:

«Administrasjonen får i oppdrag å utrede ei løysing som inneber for eksempel bruk av lavvo i tillegg til den foreslåtte utbygginga.»

AP v/repr. Frode Kupa fremmet følgende tilleggspkt. til Oppvekst- og kulturutvalgets innstilling:

«4. Vågsøy Ap ber rådmannen om å gjere ei realitetsvurdering av følgjande punkter, og sende ut orientering til kommunestyret seinast i innkallinga til kommunestyremøtet 03.03.2016:

- a) Frå august 2016 – Flytte 5., 6. og 7. klasse frå Holvik skule til Skram skole. Er der klasseromsfasilitetar til dette på Skram skole?
- b) Frå juni 2016 – Flytte barnehagen tilbake til Holvik skule inn i dei tidlegare klasseromma til 5.-7. klasse. Er dette mogeleg utan ei større ombygging første året?
- c) Planlegge og budsjettbehandle ei framtidsretta renovering og naudsynt påbygging på Skram skole. Planleggingsperiode for dette er medan den nye ungdomsskulen blir bygd. (2016 – 2017). Prosjekt må inn i budsjettet for 2018.
- d) Når ny ungdomsskule opnar, flyttar VUS-elevane ut av modulbygget på Tennebø. Elevane frå Skram skole flyttast då straks over til modulbygget på Tennebø, og Skram skole stengast. Når ein har flytta elevane frå Skram skole, har ein full tilgang til å gjere naudsynt arbeid på Skram skole på ein trygg måte. Anleggsperiode på 6 – 12 månadar. (?) Modulbygget er kjernen i å kunne gjennomføre dette prosjektet. Kan det forhandlast med naboar for å få utsett rivinga av modulbygget i 6 – 12 månadar?
- e) Når «Nye Skram skole» opnar, flyttar også dei siste 4 klassetrinna frå Holvik skule til Skram skole. Holvik skule avviklast som skule. Skram skole blir no også skule for Vågsøy vestre krets.
- f) Holvik skule byggast deretter om til barnehage, og ein brukar det arealet som er naudsynt for å tilby dei barnehageplassane som trengs. (27 + evt. vekst i barnetalet.) Kva kan ein anta at ombygging av Holvik skule til barnehage vil kostnadsbereknast til? Held ramma på 3.85 mill?
- g) Vågsøy kommune har med denne løysinga god barnehagedekning, dimensjonert for vekst i barnetalet, og ein kan tilby nye barnehageplassar på kort varsel om behov oppstår. Den ekstra kapasiteten kostar lite å etablere. Bygget står der.»

H v/repr. Morten Hagen fremmet følgende tilleggspkt. 3 til Oppvekst- og kulturutvalgets innstilling:

«Kommunestyret ber administrasjonen revidere oppvekstplanen med bakgrunn i nye investeringer i skoler og barnehager.»



## Votering

Det ble først votert over tilleggspkt. 3 fremmet av SP v/repr. Myklebust. Forslaget falt med 5 stemmer.

Det ble deretter votert over tilleggspkt. 3 fremmet av H v/repr. Hagen. Forslaget ble vedtatt mot 3 stemmer.

Det ble deretter votert over tilleggspkt. fremmet av AP v/repr. Kupen. Forslagene ble vedtatt mot 3 stemmer.

Det ble deretter votert over Oppvekst- og kulturutvalgets innstilling pkt. 1. Forslaget ble vedtatt mot 4 stemmer.

Det ble tilslutt votert over Oppvekst- og kulturutvalgets innstilling pkt. 2. Forslaget ble enstemmig vedtatt.

F-023/16

### Formannskapetets innstilling til vedtak:

1. Det blir å bygge ei avdeling i Holvik med 18 plasser. Kostnadsramme 5 mill kr. Inkl skissert vedlikehald på skulen. Ramma på investeringsprosjekt 0000 Ny barnehage i Holvik vert auka frå 3.350.000 til 5.000.000 finansiert gjennom unytta lånemidlar.
2. Det vert å ta stilling til seinare om denne utbygginga skal vere for både små og store born.
3. Kommunestyret ber administrasjonen revidere oppvekstplanen med bakgrunn i nye investeringer i skoler og barnehager.
4. Formannskapet ber rådmannen om å gjere ei realitetsvurdering av følgjande punkter, og sende ut orientering til kommunestyret seinast i innkallinga til kommunestyremøtet 03.03.2016:
  - a) Frå august 2016 – Flytte 5., 6. og 7. klasse frå Holvik skule til Skram skole. Er der klasseromsfasilitetar til dette på Skram skole?
  - b) Frå juni 2016 – Flytte barnehagen tilbake til Holvik skule inn i dei tidlegare klasseromma til 5.-7. klasse. Er dette mogeleg utan ei større ombygging første året?
  - c) Planlegge og budsjettbehandle ei framtidsretta renovering og naudsynt påbygging på Skram skole. Planleggingsperiode for dette er medan den nye ungdomsskulen blir bygd. (2016 – 2017). Prosjekt må inn i budsjettet for 2018.
  - d) Når ny ungdomsskule opnar, flyttar VUS-elevane ut av modulbygget på Tennebø. Elevane frå Skram skole flyttast då straks over til modulbygget på Tennebø, og Skram skole stengast. Når ein har flytta elevane frå Skram skole, har ein full tilgang til å gjere naudsynt arbeid på Skram skole på ein trygg måte. Anleggsperiode på 6 – 12 månadar. (?) Modulbygget er kjernen i å kunne gjennomføre dette prosjektet. Kan det forhandlast med naboar for å få utsett rivinga av modulbygget i 6 – 12 månadar?
  - e) Når «Nye Skram skole» opnar, flyttar også dei siste 4 klassetrinna frå Holvik skule til Skram skole. Holvik skule avviklast som skule. Skram skole blir no også skule for Vågsøy vestre krets.
  - f) Holvik skule byggast deretter om til barnehage, og ein brukar det arealet som er naudsynt for å tilby dei barnehageplassane som trengs. (27 + evt. vekst i barnetalet.) Kva kan ein anta at ombygging av Holvik skule til barnehage vil kostnadsbereknast til? Held ramma på 3.85 mill?
  - g) Vågsøy kommune har med denne løysinga god barnehagedekning, dimensjonert for vekst i barnetalet, og ein kan tilby nye barnehageplassar på kort varsel om behov oppstår. Den ekstra kapasiteten kostar lite å etablere. Bygget står der.

## **01.03.2016 Oppvekst- og kulturutvalg**

Møtebehandling:

Oppvekst- og kulturutvalet tek sak 005/16 Holvik barnehage - utbygging i underetasjen opp att til ny handsaming med bakgrunn i vedtak i Formannskapet sak 023/16, vedlagt rådmannen sitt notat dat. 16.02.16.

AP, SP, FRP, TVPL og KRF la fram følgande til vedtak:

«1) Oppvekst- og kulturutvalet vurderer det slik at oppvekst-og læringsmiljøet som elevane ved Holvik skule og Skram skole har i dag, ikkje blir fremja ved at Holvik skule blir lagt ned og elevane overførde til Skram skole.

Dette har m.a. samanheng med standard og knapt areal inne og ute på Skram skole.

Jfr. Kommunedelplan for oppvekst.

Elevtalet ved Holvik skule tilseier ikkje at det er pedagogiske grunnar for å legge ned Holvik skule. Den økonomiske gevinsten som følgje av strukturtiltaket ; reduserte driftsutgifter/auka kapitalutgifter i forhold til m.a bygging av nytt areal, er ikkje tilstrekkeleg til at prioriteringar kommunestyret la til grunn i handsaminga av strukturdelen i Kommunedelplan for oppvekst; i nær fortid, kan vike.

Oppvekst- og kulturutvalet ser ingen grunn til å endre Skulestrukturplanen 2014-2022 på eit så tidleg tidspunkt i planperioden.

2) Holvik barnehage er mellombels lokalisert til grendahuset i Vågsvåg.

Rehabilitering av og nybygg ved Holvik barnehage må ha høg prioritet slik at barnehagen snarast råd kan ta i bruk godkjende og tilfredsstillande lokaliteter.

3) Oppvekst-og kulturutvalet sluttar seg til mindretalet sitt framlegg til vedtak i sak 005/16, sett fram av AP ved Terese Gjerde, som inneber utbygging av 2 avdelingar i første etasje ved Holvik barnehage til ei investering stor kr. 9,7 mill. kroner; inkludert nødvendig vedlikehald av Holvik skule.

4) Kostnader ved at barnehagen eventuelt også nyttar skulen sitt uteområde, må leggest fram.

Dette kan t.d. vere ei forbetring av tilkomsten mellom dei ulike områda.

Auka kapitalutgifter som følgje av auka låneopptak til Prosjekt 2060 i ØKP 2016 - 2019 i forhold til tidlegare vedtak i kommunestyret, må innarbeidast i Økonomimelding 1 2016.

5) Oppvekst-og kulturutvalet presiserer at prosessar knytta til skule og barnehage, som krev større endringar og omstillingar, må ha som grunnlag ei god forankring i organisasjonen.»

### **Votering**

AP, SP, FRP, TVPL og KRF sitt framlegg vart vedtatt mot to røyster.

OK-011/16

### **Vedtak:**

1) Oppvekst- og kulturutvalet vurderer det slik at oppvekst-og læringsmiljøet som elevane ved Holvik skule og Skram skole har i dag, ikkje blir fremja ved at Holvik skule blir lagt ned og elevane overførde til Skram skole.

Dette har m.a. samanheng med standard og knapt areal inne og ute på Skram skole.

Jfr. Kommunedelplan for oppvekst.

Elevtalet ved Holvik skule tilseier ikkje at det er pedagogiske grunnar for å legge ned Holvik skule. Den økonomiske gevinsten som følgje av strukturtiltaket ; reduserte driftsutgifter/auka kapitalutgifter i forhold til m.a bygging av nytt areal, er ikkje tilstrekkeleg til at prioriteringar kommunestyret la til grunn i handsaminga av strukturdelen i Kommunedelplan for oppvekst; i nær fortid, kan vike.

Oppvekst- og kulturutvalet ser ingen grunn til å endre Skulestrukturplanen 2014-2022 på eit så tidleg tidspunkt i planperioden.

2) Holvik barnehage er mellombels lokalisert til grendahuset i Vågsvåg. Rehabilitering av og nybygg ved Holvik barnehage må ha høg prioritet slik at barnehagen snarast råd kan ta i bruk godkjende og tilfredsstillande lokaliteter.

3) Oppvekst- og kulturutvalet sluttar seg til mindretalet sitt framlegg til vedtak i sak 005/16, sett fram av AP ved Terese Gjerde, som inneber utbygging av 2 avdelingar i første etasje ved Holvik barnehage til ei investering stor kr. 9,7 mill. kroner; inkludert nødvendig vedlikehald av Holvik skule.

4) Kostnader ved at barnehagen eventuelt også nyttar skulen sitt uteområde, må leggjast fram. Dette kan t.d. vere ei forbetring av tilkomsten mellom dei ulike områda. Auka kapitalutgifter som følgje av auka låneopptak til Prosjekt 2060 i ØKP 2016 - 2019 i forhold til tidlegare vedtak i kommunestyret, må innarbeidast i Økonomimelding 1 2016.

5) Oppvekst- og kulturutvalet presiserer at prosessar knytta til skule og barnehage, som krev større endringar og omstillingar, må ha som grunnlag ei god forankring i organisasjonen.

## **Aktuelle lover, forskrifter og plandokument**

Barnehagelova, kommunelova, økonomireglement

## **Bakgrunn for saka**

## **Saksopplysningar / fakta**

Kommunestyret gjorde i sak 93/15 slikt vedtak:

1. Kommunestyret ser at det er overkapasitet på barnehageplasser i kommunen sett under ett.
2. Det utarbeides et forprosjekt der en belyser investerings og drifts-kostnadene med å opprettholder tilbud på Holvik barnehage på dagens nivå, samt et alternativ der en reduserer kapasiteten men beholder tilbudet for aldersgruppen 1-6 år.
3. Det forutsettes at barnehagen lokaliseres ved Holvik skole, og at all barnehagevirksomheten fortrinnsvis samlokaliseres på ett etasjenivå. Modulbygg kan vurderes benyttet.
4. Tidsaspekt med utbygging og konsekvenser for Holvik skole i byggeperioden og i normal drift belyses for de ulike alternativene.

Det var frå før teikna ei utbygging med 1 og 2 avdelingar i underetasjen.

Driftsbudsjett for 2 avdelingar er tilsvarande det ein har i dag med ei netto utgift på kr.3.100.000 pr. år.

For ei avdeling med blanding alle årsklassene, vil ein få same brutto utgifter, men variable inntekter alt etter kor mange born ein har i alderen 1 – 2 år. 1 barn under 3 tøl for 2 plassar slik at i ei avdeling med 18 plassar vil td få 4 born/8 plassar + 10 born over 3 år, sum 14 born.

Netto budsjett er 1,8 mill. med 18 fulltidsbetalande plassar. For kvart born under 3 år vert inntekta redusert med kr. 29.000. Med for eksempel 4 born i denne gruppa vert inntektsreduksjonen kr. 116.000,-. Netto budsjett blir i tilfelle 1,9 mill.

Investeringa er kalkulert til 5 mill for 1 avdeling. Det er då teke med skifting av utvendig kledning på skulen (syd/syd-vest) og opp-pussing av eksisterande lokale i tillegg. Det er lagt inn 35.000 pr m2 nybygg og 10.000 pr. m2 opp-pussing eksisterande areal i kjellar.

I samråd med tenesteleiar, vert det ikkje vurdert å ha bygningsmessige konsekvensar om ein tek inn nokre born under 3 år. Dei har noko større arealkrav pr. born, men det er så få det er snakk om at det ikkje påverkar utforminga av ei eller 2 avdelingar.

For bygging av 2 avdelingar med same økonomiske utgangspunkt utgangspunkt, er kalkylen 9,7 mill.

## Vurdering / konsekvensar

Det er ikkje innhenta godkjenning av prosjekta. Det er tidlegare antyda frå Folkehelseavdelinga som er godkjenningssinstans, at utearealet blir for lite med 2 avdelingar som teikna her. Godkjenningssprosedyren må kome etter kommunestyret sitt vedtak.

Det er framleis overkapasitet på barnehageplassar i kommunen. Ved å ikkje ta inn nye born i Holvik barnehage i haust, vil ein tilpasse seg kapasiteten i ei avdeling på 18 heile plassar. Frå hausten 2017 vil ein kunne ta inn dei som fyller 3 i året og evt. større born.

I høve skulen er det ein fordel for overgang frå barnehagen at det stort sett er samla born frå Vestre krets i barnehagen.

Det var i saka til kommunestyre før jul antyda 56 fødsjar i 2015. Dette blei også det faktiske talet. Det er difor inga endring i det som er, og som blir ein aukande overkapasitet på barnehageplassar i kommunen. Dersom dette blir det nye nivået vil ein i kvart årskull ligge 10 – 15 born under det som tidlegare var normale årskull. Dette må ein tilpasse seg til gjennom det tal plassar ein i kommunal og privat eige.

### Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
182476	Kopi av Kostnader ved utbygging Hovlik barnehage.xlsx
182477	Tegning Holvik barnehage.pdf
178480	Barnehageplassar - tilpassing kapasitet til etterspørsel.
182977	Forslag Holvik barnehage
184642	K-sak 019-02 Forskrift om kringsgrenser.pdf
184649	Uavklarte spørsmål knytt til evt. flytting av elevar frå Vestre krets til Skram.

## Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	09.03.2015	Nordplan AS	Holvik barnehage - program.
2	I	13.03.2015	Nordplan AS	Holvik - programskisse
3	I	16.03.2015	Nordplan AS	Holvik barnehage - skisser.
4	I	16.03.2015	Nordplan AS	Holvik skule. Skisser utbygging av barnehage i u.etg.
5	I	24.03.2015	Frank Husevåg	Forespørsel ang. anbud Vågsøy ungdomsskole med mer
6	U	25.03.2015	Nils Myklebust Direktoratet for	Svar på spørsmål vedr. skisser
7	U	13.04.2015	samfunnssikkerhet og beredskap; Sivilforsvaret i Sogndal	Søknad om sletting av tilfluktsrom-Holvik skole/barnehage

8	I	14.04.2015	Nordplan AS	Skisse frå Nordplan AS
10	I	11.05.2015	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Avslag på søknad om sletting av tilfluktsrom - Holvik skole/barnehage - gbnr 138/82
11	I	23.06.2015	Even Halsør	Henvendelse vedr. Holvik barnehage
12	U	24.06.2015	Even Halsør	Henvendelse vedr. Holvik barnehage
15	I	21.01.2016	Vågsøy Arbeidarparti v/Terese Gjerde	Forslag Holvik barnehage
16	I	21.02.2016	Holvik skule	Notat samling av skulekretser

